



## Notat

Dato: 04.06.2018  
Arkivsak: 2016/11258-28  
Saksbehandlar: terhaug

---

Til: Utval for kultur idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Sluttrapport for prosjektet *Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid:* oppfølging av digital kompetanseheving i folkebiblioteka**

#### **Samandrag**

Fylkesbiblioteket har fått kr 60 000 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til å gjennomføre kurs i nasjonale opplæringsressursar innan digital kompetanse i prosjektet *Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka*. Prosjektet er med på å oppfylle den Regionale kulturplanen for Hordaland 2015 – 2025, der innsatsområdet inkludering er ei av satsingane. Folkebiblioteka kan spele ei viktig lokal rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader, jf. sak om Folkebiblioteka som integrering- og læringsarenaer KIRU 22.03 2017 (PS 43/2017).

Fylkesbiblioteket har i samsvar med tildelinga, gjennomført kurs for rettleiarar innan digital kompetanse hausten 2017. Målet har vore å gjera deltakarane tryggare på opplæring for vaksne i grunnleggande digitale ferdigheiter. Det var også opna for dialog og erfaringsdeling mellom dei 37 deltakerane. Kursa vart haldne i Bergen og på Stord. Ved bruk av fylkeskommunale lokale og læringsressursar frå Kompetanse Norge vart opplegget gjennomført under budsjett.

Ut frå tilbakemeldingar frå kursdeltakarane, eit mål frå fylkeskommunen om å vidareføre satsinga på digital kompetanse og i semje med KMD, vart dei resterande midlane nytta til eit kompetanseopplegg knytt til e-læringskurset «23 offentlege ting». Kursopplegget vart gjennomført vinteren 2018 med 19 deltakrar frå bibliotek i heile Hordaland. Deltakarane tok e-læringskurset, kombinert med tre fysiske samlingar i Bergen.

#### **Målgruppa**

Målgruppa for prosjektet har vore alle dei 33 kommunale folkebiblioteka i Hordaland, med fokus på biblioteka utanom Bergen, noko som har vore mogleg ved bruks av e-læringsløysingar.

#### **Måloppnåing**

Det er gjennomført kurs for å gjere rettleiarar tryggare på opplæring av vaksne i grunnleggande digitale ferdigheiter. Dei har utforska og lært om dei viktigaste digitale offentlege tenestene, som eit grunnlag for betre å rettleie publikum i bruk av tenestene. Det er prøvd nye måtar å lære gjennom e-læring. Offentlege etatar, som Noreg.no og SSB, var invitert til å fortelje om deira digitale møte med borgarane. Kursa var også ein inngang til lokalt samarbeid, og deltakarane kunne lufte problemstillingar med t.d. Nav.

## Vidareføring

Fylkesbiblioteket vil følge kompetanseheving av bibliotektilsette sine digitale ferdigheter vidare. Restmidlane i prosjektet (kr 12 589) er sett av til ei samling for å følgje opp kurset «23 offentlige ting», hausten 2018. Då skal ein drøfte erfaringar med å nytte kompetansen ein har fått, gjennom opplæringa. KMD stadfester (15.05.18) å ha mottatt sluttrapport med regnskap for prosjektet og godkjenner bruken av restmidlane.

Innsatsområda i prosjektet følger fylkeskommunen sitt arbeid for at folkebiblioteka kan spele ei viktig rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader, som er vedtatt i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025. Arbeid med digital kompetanseheving og e-læringsløysingar er med på å forankra i fylkeskommunen sitt ansvar for regionale bibliotekutvikling, knytt til å arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål og kan sjåast i samanheng med regional utvikling.

Tiltaket vil også bli vidareført gjennom deltaking i i Nordplus Adult-prosjektet "Age should not be a limit: teaching digital skills for elderly People". Prosjektet er eit samarbeid mellom bibliotek i Estland, Finland, Litauen og Norge og har fått støtte på 26 715 Euro frå Nordisk ministerråd. Prosjektleiar er Tartu Public Library i Estland.

Dette er eit mobilitetsprosjekt, og i tidsperioden juli 2018 til juni 2019, skal deltakarar frå kvar institusjon reise på fire utvekslingsmøte støtta av prosjektet. Hordaland fylkeskommune si rolle er at fylkesbiblioteket skal delta med to personar i utvekslingane og skal lage program og arrangere eit opplegg for deltakarane i Hordaland i mars 2019.